Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 44 | Fylke: Sogn & Fj.

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Jölster

Emne: Veving | Bygdelag: Stardalen

Oppskr. av: Sverre Mykkebust | Gard: Tefstjord

(adresse): Veiteberg | G.nr. 16 Br.nr. 3-4

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Severina Veiteberg

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): 85 år gardkone.

SVAR

I

1. Til karaklær var nytta vemmål, m. fireskjöl kalla og. Til brukse, tröye, vest og ündebrukse, frakke og snösokkar. Isladen for snösokkar nyttast og spöta raggar, som og ein drog utanpå skorne. Men skjorta åt mannen var av tvaüskjöl. Mannen brüka og ei farga (raüd) ündertröye av vemmål, helst.

2. Kvinnfolkeklær:

Stakken av vemmål, men seinare og tvaüskjöl, som var best til å få rökkene til å halde seg i lagde stakke. Elles var det helst tvaü-skjöl i kvinnfolkeklær som omplöte og tröye, kjole og ündestakkar. Dei siste var kvite, saüeleten, men ofte farga både svarte, raüde, grøne og blå. Til skjorta tvinna dei varpet i tvaüskjölet. Det vart venare og sterkare då. Det vart ikkje stampa men tvaga: vaska i varmt vatn, såpe og banka. Så kreta dei

9417

linkragane og sekke på skjortene skulle vere gjort før dei tok ut på mark om våren. Dei vov og desse kragane i tvauskjøl av kjøpt lin dei spann og kalla det klauerdük
Uttapå-skjørtene vov dei og av lin i tvauskjøl. Seinare kjøpte dei lintyet. Ei underskjørte av ull i tvauskjøl kallast vanleg: einskefte-skjørte.
Band, border på kvinneklær vov dei i grind med ymse mønster og fargar
3. Til sengeteppe brüka dei kvitsjar vovne i fireskjøl med nokre svarte smale render og ei brei i midten: fiskerygge, som dei fekk fram med å vende trøinga
4 Putevara: Koddane ell. høgendevera vart vovne i tvauskjøl med skjørtebandsrender og teiningar på kvit einsfarga botn, med ymse fargar i rendene.
5. Dukane vov dei av lin i tvauskjøl og kvite einsfarga.
6. Tørkeplagga vov dei av hamp og ling i tvauskjøl. Det var ubleikt lin dei bleikte sjølve
7. Randa-åklar var dei vanlege Varpet var hamp, vove i tvauskjøl Men vepten vart overslegen, så varpet synte ikkje. Dei reiste ei fjøl bak ~~hovolda~~ skeia, når dei laga skjørtebandsrendene eller

9417
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

og kalla berre fjölrøys. Dei talde trådane på fjöla og fekk fram mönsteret: H-render med terningar.

Dei hadde og nokre forklær dei vov, som kallast overslege forklædet med slike render i. Seinare var dei tekne på å laga forklær i lin ell. bomull og nytta höyrande mönsteret som er kalusmett: vovne render med avkorta render og lynelsborder som ein må smette i med handa.

Smetteåklær funst det og nokre av på dei fleste gardane og kalla rosåklær. Men det var nok berre sume som kunne den vevinga. Varpet kunne vere ull, helst hamp og bomull no. Veften var tvinna og fargane helst svart, raudt gult og kvitt. Til det kvite nytta dei stundom kvit lin, så dei fekk ein drivkvit farge i teppet. Elles var det potteblått i mange teppe. Seinare og grönt og alle slags fargar.

Mönstera var samrose kollerose, kornkollerose skakkerose og åttebladroser. Fötsvevnad, Hardangerrose Sognemönster.

Dei laga og kristnaåklær

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

9417

som vart nytta når borna var til dåpen. Desse var av lin og bomulls-, varp mönstra i kvitt og raudt og store som vanlege teppe. Ein må og nemna dei lange lindane som ein snörte småborna med. Det tommebreide band

Kristnaaklar hadde eit mönster som likna henteåklar. Der hovolda ein mönsteret, åttebladroser. Såg noko ut som rosebragd. Var oversleze med vept av fint ullgarn. Dei og har sett såg ut som det var kjöpt vept.

Eit gamalt roseåkla-mönster er klovevnad



Eit forkleda som vart nykje nytta både av gjenter og koner var einskjefte forklæ av tvinna varp. Det var svart med raude smale render for gjenta og blåe render for kona. Med einskjefte forstår ein helst 2 skjäl med 1 tråd i tunna og samleis i hovolda. Dette forkledet heitte randaforkle. Dei som var litt snebbt i kallast etter mönsteret flammeforkle og klavemönstra-forkle.